

Rettleiing til

«Stadfesting og dokumentasjon på oppmøte»

Stadfesting på oppmøte ved søknad om refusjon av pasientreise blir henta frå eigne register, men i desse tilfella skal helsepersonell dokumentere oppmøte:

Når kurs og behandling ikkje blir registrert i elektronisk journal

Pasientar som skal til behandling, kan ha behov som krev at dei møter på sjukehuset éin eller fleire dagar i førevegen. Når Pasientreiser hentar oppmøte i NPR (Norsk pasientregister) og KUHR (kontroll og utbetaling av helserefusjonar), er det opplyst kva dato pasienten har legetime. Til dømes vil oppmøte på laboratorium for å ta blodprøve ikkje gå fram av NPR. Behandlaren må derfor stadfeste oppmøte for slik behandling. Pasientar og pårørande som deltek på kurs, vil som regel også ha behov for stadfesting på oppmøte.

Når føresette søker på vegner av barn mellom 12 og 18 år

Av omsyn til personvern for barn mellom 12 og 18 år må ein leggje ved dokumentasjon på oppmøte når føresette søker på vegner av barnet.

Barn mellom 12 og 18 år kan ha krav på å halde tilbake informasjon om behandling frå føresette etter pasient- og brukarrettslova § 3-4. For at Pasientreiser ikkje skal utlevere informasjon til føresette om behandlingsstad og -tid for barnet, er det krav om stadfesting på oppmøte for denne gruppa.

Når ein følgjeperson skal søkje om å få dekt reise

Når reisefølgjet søker, kan ikkje følgjet gi samtykke til at Pasientreiser gjer oppslag i KUHR og NPR for reisa til pasienten. Reisefølgjet må derfor leggje ved ei stadfesting på oppmøte når han eller ho søker om refusjon av reiseutgifter.

Pasientar som ønskjer stadfesting på oppmøte

Dersom pasienten sjølv ber om stadfesting på oppmøte, bør pasienten få dette. Ikkje alle pasientar ønskjer at Pasientreiser gjer søk i KUHR og NPR. Det kan også vere andre grunnar til å ønskje stadfesting på oppmøte.

Drosje

Dersom helsetilstanden til pasienten gjer det nødvendig å nytte drosje, skal helsepersonell rekvirere denne i forkant, som nemnt i pasientreiseforskrifta § 22. Dersom pasienten likevel legg ut for drosje, blir desse utgiftene berre dekte når reisa gjeld akutt hjelp.

Merknadsfeltet

Helseinformasjonen eller diagnosen til pasienten skal ikkje komme fram i merknadsfeltet. Dersom pasienten til dømes har behov for to følgjepersonar på grunn av ein diagnose, kan dette skrivast så generelt som «medisinsk behov for to følgjepersonar». Dette gjeld også dersom ein pasient på grunn av sjukdom ikkje kan nytte fly, men kan reise med buss og tog.

Det er i tillegg behov for dokumentasjon frå behandlaren i desse tilfella:

Behov for følgje på reisa av medisinske årsaker (pasientreiseforskrifta § 17)

Pasientreiser dekkjer berre utgiftene til reisefølgjet når dette er nødvendig under reisa. Når det blir nytta bil, blir reisa dekt med ein standardsats per kilometer, uansett om det er éin eller fleire i bilen. Dersom pasienten og reisefølgjet brukar offentleg transport, kan reisa bli dekt med to standardsatsar. Då må pasienten leggje ved stadfesting frå behandlaren på at det var nødvendig med reisefølgje. Dette gjeld også dersom følgjepersonen skal søkje om å få dekt kost- eller overnattingsutgifter.

Behandlaren må stadfeste at pasienten hadde medisinsk behov for følgje på reisa. Medisinsk behov vil seie at pasienten på grunn av helsetilstanden sin ikkje kan komme seg til eller frå behandling utan hjelp. Dersom det er behov for følgje fordi det trengst informasjon, hjelp eller anna under sjølve behandlinga, blir ikkje reiseutgiftene til følgjepersonen dekte av Pasientreiser, og i slike tilfelle skal heller ikkje behandlaren gi attest på behov for reisefølgje.

Har behandlinga bakgrunn i yrkesskade? (pasientreiseforskrifta §§ 14 og 22)

Det skal berre kryssast av for yrkesskade i stadfestinga og dokumentasjonen på oppmøte dersom behandlinga gjeld yrkesskade.

Akutt hjelp (pasientreiseforskrifta § 22)

Akutt hjelp er tilfelle der behandling ikkje kan vente, og situasjonar der det oppstår eit akutt behov for undersøking og eventuelt behandling. Typiske døme på akutt hjelp kan vere behandling ved legevakt, behandling i samband med fødsel og behandling i samband med psykotiske lidingar der situasjonen er alvorleg og ute av kontroll. Akutt hjelp omfattar også situasjonar der det oppstår eit akutt behov for undersøking og eventuelt behandling, til dømes for å rette opp og/eller halde ved like vitale funksjonar, hindre og/eller avgrense alvorleg funksjonsnedsetjing som kan følgje av skade eller sjukdom, eller gi behandling av smerte ved stor smertetilstand av kortvarig art.

Dokumentasjon på at pasienten av medisinske årsaker må nytte privatbil (pasientreiseforskrifta § 22)

Pasientar som ikkje kan bruke offentleg transport av medisinske årsaker, kan få stadfesting frå behandlaren på at det er nødvendig å bruke bil. Døme på dette kan vere at pasienten ikkje er i stand til å gå om bord i buss eller lir av sosial angst av ein grad som gjer det umogleg å bruke rutegåande transport. Med slik dokumentasjon kan pasienten få dekt tilleggsutgifter ved bruk av bil, slik som bompengar, piggdekkavgift, parkering og bilferjer.